



Plan- og miljøavdelinga for vidare ekspedering

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2017/1955	13682/2017	S11	SELBERVIK	18.10.2017

Melding om vedtak i Ørsta formannskap 17.10.17, sak 125/17

## **SØKNAD OM LØYVE TIL OPPRUSTING OG UTVIDING AV VARTDAL KRAFTVERK**

### **Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 17.10.2017**

#### **VEDTAK:**

Ørsta formannskap ser positivt på søknaden frå Tussa Energi om opprusting av Vartdal kraftverk. Det må setjast krav til ei forsvarleg minstevassføring.

Formannskapet vil støtte forslag til løysing på nødvatn frå Svartevatnet, jamført forslag frå Vartdal vassverk og Tussa Energi

#### **Handsaminga (5 r.f)**

Per Are Sørheim (H) ville ha sin gildskap vurdert, han styreleiar for Tussa energi. Han gjekk frå (6 r.f.)

Formannskapet kjente Per Are Sørheim ugild etter fvl. §6.e) 2.

Inger Sandvik Sundnes (H) ville ha sin gildskap vurdert, ho er styremedlem i Tussa Kraft. Ho gjekk frå (5 r.f.).

Formannskapet kjente Inger Sandvik Sundnes ugild etter fvl §6.e) 2.

Magnar Selbervik, planleggar svarte på spørsmål.

#### **Ordførar foreslo å endre andre avsnitt slik:**

Formannskapet vil støtte forslag til løysing på nødvatn frå Svartevatnet, jamført forslag frå Vartdal vassverk og Tussa Energi

Røysta først over første avsnitt:

**Første avsnitt vart vedteke med 5 mot 0 røyster**

Ved alternativ røysting:

**Fekk ordførar sitt forslag andre avsnitt 4 røyster og vedteke**

Rådmannen si tilråding fekk 1 røyst (Paul Kristian Hovden)

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



## **SAKSFRAMLEGG**

---

Sakshandsamar: Magnar Selbervik

Arkivsak: 2017/1955

Løpenr.: 13099/2017

---

---

**Utvalsaksnr.**

**Utval**

**Møtedato**

125/17

Ørsta formannskap

17.10.2017

---

**Saka gjeld: SØKNAD OM LØYVE TIL OPPRUSTING OG UTVIDING AV VARTDAL  
KRAFTVERK**

Ørsta formannskap ser positivt på søknaden frå Tussa Energi om opprusting av Vartdal kraftverk. Det må setjast krav til ei forsvarleg minstevassføring.

Formannskapet syner elles til si fråsegn i sak 137/10 vedkomande naudvatn til Vartdal vassverk frå Svartevatnet og ber om at det vert utgreidd alternative løysingar basert på krav til reguleringa eller høve til ytterlegare regulering av Risaskarvatnet.

**Saksvedlegg:**

I 14.09.2017 14.09.2017 Tussa Energi AS - Søknad om NORGES VASSDRAGS-  
løyve til opprusting og OG ENERGIDIREKTORAT  
utviding av Vartdal kraftverk (NVE)  
i Ørsta kommune i Møre og  
Romsdal - Høyring

**Uprenta saksvedlegg:**

- Fråsegn i sak 137/20 om konsesjon for å nytte nedre Svartevatnet som naudvasskjelde til Vartdal vassverk

**Saksopplysningar:**

Tussa Energi søker løyve til opprusting og utviding av Vartdal kraftverk som er eit eldre kraftverk frå 1934. Dagens demning ved utløpet av Litlevatnet vert søkt erstatta av ei ny demning av betong. Frå inntaket er planen å erstatte dagens røyrgate med ei større røyrgate med auka slukeevne (225 l/s til 750 l/s), ned til ein ny kraftstasjon ved Fosshola. Både dagens og planlagt ny røyrgate går i dagen og er forankra til terrenget med betongfundament. Kraftverket består elles av ein utsprengt kanal frå Litlevatnet til Risaskarvatnet. Levetida på dagens anlegg er i følgje søknaden omme og alternativet til ei opprusting (0-alternativet) er sanering. Den auka slukeevna vil gje ein auka årsproduksjon frå om lag 3,2 til 9 GWh.

Søknaden vert også grunngeve med behova til Vartdal vassverk då drifta i praksis har vore tilpassa behovet til vassverket. Det er også planar om å bygge om inntaket til vassverket med inntak direkte frå turbinkjellar i det nye kraftverket. I dag har vassverket inntak i ein dam nedstraums kraftverket og tek då inn ei blanding av vatn som har kome ned Risaskarelva og gjennom røyrtraseen til kraftverket.

Vartdal vassverk har også inne ein søknad til NVE om løyve til å tappe ned nedste Svartevatnet med inntil 3 meter til naudvatn for drikkevassforsyning ved behov. Denne søknaden var sendt på høyring i 2010 og formannskapet uttalte seg i sak 137/10:  
*«Ørsta formannskap (ØF) finn at spørsmålet om framtidig vassforsyning for Vartdal må inn i neste rullering av kommunedelplan for vassforsyning. Innbyggjarar og næringsliv må likevel sikrast tilstrekkeleg og godt nok vatn både no og i framtida. Kva som vil vere beste løysing både driftsmessig og i høve ålmenne og private interesser synes ikkje klart ut frå det som ligg føre i saka no.*

*NVE bør også vurdere tilhøvet til konsesjonen for Risaskaret kraftverk. Om NVE ikkje finn å kunne løyse saka gjennom dette no, rår ØF til at det vert gjeve eit tidsavgrensa løyve til å nytte Svartevatnet til naudvasskjelde inntil ei framtidig løysing for vassforsyninga på Vartdal kan verte utgreidd nærmare.»*

Det vart arrangert felles synfaring tysdag den 3. oktober 2017. NVE opplyste då at høyringspartane kan uttale seg til begge sakene då dei i stor grad er fletta saman og søknaden til vassverket enno ikkje er avgjort. NVE informerte også om at ein forventar å gjere vedtak i begge sakene samtidig. Det kom elles fram på synfaringa at det var ei viss uklarheit om det låg føre privatrettsleg grunnlag for uttak av vatn frå Svartevatnet. Grunneigarene som var tilstades ga uttrykk for at dei ikkje ønskjer dette. Vidare at det er ei forståing mellom Tussa Energi og Vartdal vassverk om at drifta av kraftverket og bruken av reguleringsmagasinet vert søkt tilpassa behovet til vassverket. Størstedelen av magasinet i Risaskarvatnet fungerer

såleis som drikkevassreserve. Det har likevel ved to høve i 2001 og 2010 vore akutt mangel på vatn til vassforsyninga på ettervinteren. Ved begge høva har vassverket lagt ut ei hevertleidning frå Svartvatnet til Risaskarvatnet for å sikre vassforsyning.

Sidan søknaden til Tussa er eit opprustingsprosjekt av eit eksisterande anlegg inneber ikkje søknaden ny varig endra arealbruk. Ein lyt likevel leggje til grunn behov for mellombelse inngrep og arealbruk i samband med demontering av det gamle kraftverket og etablering av nye.

Då konsesjonen er gammal er det i dag ikkje krav til restvassføring verken til kraftverket eller vassverket. Overløp og lekkasje i inntaksdammen har likevel sikra ei restvassføring nedstraums inntaksdammen ved Litlevatnet.

Både Risaskarvatnet, Litlevatnet og Svartevatnet ligg i kommuneplanen sin arealdel i LNF sone D, kommuneplanen si strengaste LNF sone med følgjande føresegn: *«Innanfor desse områda finn ein særleg viktige friluftsliv- natur- og viltinteresser. Det vert synt til temakart nr. 2, 5 og 8 frå Fylkesmannen. Byggje- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksverksemd vert ikkje tillate. Oppføring av fritidshus vert ikkje tillate med unnatak av i regulerte felt.»* Nedbørsfeltet er vidare markert som eit nedslagsfelt til vassverk.

Sjøelve kraftstasjonen ved Fosshola og inntaket til Vartdal vassverk ligg i LNF sone C. Grensa mellom dei ulike LNF sonene går ca ved kote 200.

Fjellvatna inngår i eit større nasjonalt viktig friluftsområde «Ørsta-alpane». Overgangsturen gjennom Skorgedalen er i temakart friluftsliv prioritert å vere av nasjonal interesse, medan overgangsturen frå Liadal via Risaskarvatnet til Vartdal er vurdert å vere av lokal/regional verdi. I temakart 8 vilt er det registreringar av fjellvåk og tårnfalk i nærleiken, samt sesongtrekk for hjort langs Risaskarelva. Ein har elles kjennskap til regelmessig yngling av fossefall i Risaskarelva blant anna ved kraftstasjonen i Fosshola. Det vert elles i søknaden omtala forekomst av orrfugl, og leveområde av strandsnipe (raudlista som nær trua) i nedre del av elva. Ørsta- alpane er også prioritert i fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.

Risaskarelva drenerer vidare til Storelva og inngår som ein del av den anadrome elvestrekninga. Det er også bekkeare i kulpar vidare oppover i elva og i Risaskarvatnet og Svartevatnet.

Det er registert ei lokalt viktig naturtype av Nordvendte kystberg og blokkmark i det brattaste partiet inntil og vest for Risaskarelva. Røyrgata går gjennom dette området. Det er også registrert regionalt sjeldne artar av mose ved Svartevatnet. Registreringane av Bremose, fjellhutre-mose og pyttnøkkmose er alle første gong disse artane er registrert i fylket. Naturtypen elveløp med nedbørsfelt mindre enn 10 km<sup>2</sup> er også raudlista som nær trua.

Arealet ved Risaskarvatnet og Svartevatnet er nytta til sommarbeite for sau. Då søknaden no ikkje endrar reguleringsgrensa i Risaskarvatnet og Litlevatnet har ikkje landbrukskontoret kome med nokon eigen landbruksfagleg merknad i saka.

Røyrgata går over nordvendte berg med berre tynt jordsmonn. Det er søkt om slepping av ei minstevassføring heile året på 5 l/s, noko som tilsvarar ca dagens lekkasje gjennom inntaksdammen. Alminneleg lågvassføring er utrekna til ca 22 l/s og bør i følgje den

biologiske rapporten leggjast til grunn i sommarhalvåret av omsyn til fuktkrevjande mosar og livet i elva.

I regional plan for vassforvaltning 2016-2021 er Risaskarelva og vatnet vurdert til moderat økologisk tilstand grunna manglande krav til minstevassføring. Tiltak er difor naudsynt for å nå målet om god økologisk tilstand. I risikovurderinga er både vassdrag og innsjø vurdert til å ha risiko for ikkje å nå vedteke miljømål.

Søknaden om nytt kraftverk og fornying av løyve til regulering skal handsamast etter vassressurslova som lyder:

*«Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten.»*

### **Vurdering og konklusjon:**

Vi ser positivt på søknaden om opprusting av Vartdal kraftverk. Søknaden gjeld same areal som alt er i bruk til eksisterande kraftverk. Utan å måtte ta i bruk nye areal kan ein få auka produksjonen av fornybar energi monaleg. Ut frå forholda på staden vurderer vi at ei vidareføring av røyrgata i dagen er ei betre løysing for landskapet enn å sprengje den ned i grunnen. Kostnad med fullprofilboring som alternativ har ikkje vore utgreidd.

Ei opprusting må likevel gjerast slik at ein sikrar omsynet til både vassforsyning og ålmenne interesser. Planen er å nytte ei taubane til frakt av utstyr, men det må også nyttast ei gravemaskin langs røytraseen for justering og etablering av nye fundament. Den mellombelse arealbruken vil kunne syne godt att og vere i konflikt med registrert lokalt viktig naturtype av kystberg og blokkmark. Vi legg til grunn at det vert utarbeidd ein miljø- og transportplan som sikrar at omsynet til naturverdiane og landskapet vert ivareteke så godt som råd.

Elles vert det søkt om løyve til å sleppe ei lågare minstevassføring enn det som er normalt i slike saker, med vising til behovet til vassverket. Søknaden gjeld ei heilårs minstevassføring på 5 l/s. Alminneleg lågvassføring er på 22 l/s og vert tilrådd i sommarhalvåret ut frå omsynet til naturverdiane av Bioreg AS. Risaskarelva har i dag ikkje fastsett krav til minstevassføring og er difor vurdert til dårlegare tilstand (moderat) enn måla i vassforskrifta om god økologisk tilstand. Minstevassføring må ivareta både ålmenne verdiar og sikre vassdraget god økologisk tilstand.

Røyrgata er eit fysisk hinder for ferdsel for folk og dyr som vil verte større med auka dimensjon. Det er likevel stadar ein kan krysse under røyrgata.

I høve viltregistreringar legg vi til grunn at lokaliteten for tårnfalk vil kunne verte forstyrra i anleggstida, men at opprustinga i eksisterande trase ikkje vil vere til auka varig ulempe. Kabling av dagens kraftleidning som går opp til inntaket parallelt med røyrgata vil også vere gunstig i høve fare for kollisjonar. Vi vurderer difor søknaden til å vere positiv i høve viltinteressene utover heilt kortvarig i samband med anleggsarbeidet.

Opprusting av eksisterande inngrep vert ikkje vurdert som ytterlegare negativt i høve friluftinteressene eller urørt natur. I høve friluftinteressene og beitedyr bør det takast omsyn til moglegheita for å kunne krysse vassdraget ved dammane.

Eit varig reguleringsmagasin i Svartevatnet vil derimot spreie tekniske inngrep inn mot dei mest sentrale delane i Ørsta-alpane. Ei nedtapping med inntil 3 meter vil også gje ein markert landskapseffekt og erosjonssone. Grunneigarane har peika på at den bratte lisida i sør og vest vil kunne verte ustabil og utgjere ein fare i høve beitande dyr.

Eit hevertrøyr vart lagt ut til Svartevatnet i 2001, men skada av snø og skred og ei ny leidning måtte difor leggjast med helikopter i 2010. Denne var no også klemt flat fleire stadar og må truleg erstattast om det seinare skulle vere behov. Begge leidninga ligg framleis i vatnet. Løysinga med hevertleidning til Svartvatnet synes ikkje vere ei framtidsrette løysing.

Både smoltanlegget til Vartdal fiskeoppdrett og Vartdal plast som nyttar mykje vatn har i seinare tid sikra seg eiga vassforsyning gjennom grunnboring ved Storelva på Vartdal og Nordre Vartdal. Smoltanlegget i samband med eit løyve til auka produksjonen. Behovet for vassforsyning frå Risaskarelva er likevel vidareført uendra.

Det finst fleire alternativ for å sikre stabil og sikker vassforsyning til bygda. Vartdal vassverk eller kommunen kan etablere ei ny vassforsyning basert på grunnboring i elvesletta nede i bygda slik det har vore gjort i nabobygdene Nordre Vartdal (privat) og Barstadvik (kommunen). Alternativt kan ein gjennom konsesjonsvilkår styre reguleringsmagasinet i Risaskarvatnet slik at ein sikrar større del av reguleringsmagasinet til vassforsyninga. Det bør også utgreiast om løyve til ei mindre ytterlegare nedtapping av Risaskarvatnet som er eit vesentleg større vatn, i naudsituasjonar kan vere ei betre løysing. Dette vil krevje framføring av elektrisitet til Risaskarvatnet for ei pumpe eller fysiske tiltak ved kanalen mellom Risaskarvatnet og Litjevatnet, og må såleis vurderast no i høve søknaden til kraftverket.

Kommunen har ikkje kome vidare i arbeidet med å utarbeide ein kommunedelplan for vassforsyning slik formannskapet vedtok i sak 137/10, men har tidlegare sett på moglegheita for etablering av ny vassforsyning til bygda basert på grunnboring. Ørsta kommune har eit mindre vassverk basert på eit elveinntak i Ljoselva, men Vartdal vassverk forsyner største delen av Vartdalsbygda. Det har også vore samtalar om ei mogleg overtaking av Vartdal vassverket, men dette synes ikkje aktuelt no. Dei to vassverka har eigne separate leidningsnett. I gjeldande planstrategi er utarbeiding av ein kommunedelplan for veg, vatn og avløp planlagt oppstarta i 2017 med vedtak i 2020.

Vi rår til å sjå positivt på søknaden om opprusting av Vartdal kraftverk, men at det lyt setjast krav til ei forsvarleg minstevassføring. Vi rår vidare til at det vert utgreidd alternative løysingar som omtala ovanfor basert på konsesjonsvilkår eller ytterlegare nedtapping av Risaskarvatnet ved akutte behov for å sikre vassverket naudsynt vassforsyning.

Framtidig løysingar for vassforsyning for Vartdal må også utgreiast konkret i kommunedelplan for veg, vatn og avløp som i planstrategien er vedteken starta opp i 2017 med vedtak i 2020.

Gunnar Wangen  
avdelingsleiar plan og miljø

Rolf Magnus Sundgot  
miljøvernrådsgjevar